

Notat m/oppfølging

Vår ref 2021/12 4 U31	Dykkar ref	Saksbehandler Åshild Myhre Amundsen 97522977 ashild.amundsen@lom.kommune.no	Dato 01.02.2021
---------------------------------	-------------------	---	---------------------------

Trond Byre-Haakensen

Oppsummering frå spørjeundersøking om Gudbrandsdal Slakteri AS

Gjennomføring:

- Undersøkinga vart sendt ut på e-post frå landbrukskontoret til alle produsentane i Lom, totalt 125 stk.
- Av desse svarte totalt 73 stk. Dette utgjer ein svarprosent på 58%.
- Tre personar tok kontakt fordi dei ikkje fekk svart på lenka. Dette vart det ordna opp i.
- Vedlagt undersøkinga låg ei lenke til denne informasjonssida, dersom folk ville lese meir om saka før dei svarte: <https://www.lom.kommune.no/tenester/naringsliv-og-landbruk/naringsliv/aktuelt/samleside-med-informasjon-om-gudbrandsdal-slakteri-as.44806.aspx>

Metode:

Alle spørjeundersøkingar kan innehalde metodefeil. Her kjem ei vurdering rundt det:

- Lenke til undersøkinga vart sendt ut til kvar enkelt, og ikkje lagt "tilgjengeleg" på t.d. heimeside eller facebook. Det minimerer faren for at andre enn produsentar i Lom kan ha levert inn svar.
- Undersøkinga er anonym. Dermed er det ikkje mogleg å kvalitetssikre 100% at ingen har svart dobbelt, men sjansen for det er liten.
- I spørsmålet knytt til kor mykje kjøtt som sannsynlegvis vil bli levert til slakt årleg vil det naturlegvis vere usikkerheit knytt til tala. 71 av 73 produsentar har svart på spørsmålet. Det var mogleg å svare antall dyr og / eller antall kg. Der folk har svart antall dyr i staden for kilo har administrasjonen rekna det om til kilo ved å bruke eit gjennomsnittstal på 20 kg for småfe og 300 kg på storfe. Dette er tilsvarande tal som vart brukt i Skjåk. Der folk har svarta t.d. 20 – 30 dyr har vi alltid tatt utgangspunkt i det høgaste talet.


Oppsummering av undersøkinga:

- Av dei som har svart at det er svært lite sannsynleg / lite sannsynleg at dei vil levere slakt til Gudbrandsdal Slakteri er det totalt 33 produsentar (23 har svart svært lite sannsynleg og 10 er noko/ lite sannsynleg). Dette utgjer ei kjøttmengde på totalt 130 350 kg (svært lite s: 84 300 kg + noko /lite s.:46 050 kg.)
- Av dei som har svart "verken eller" at dei vil levere slakt til Gudbrandsdal Slakteri er det totalt 5 produsentar. Dette utgjer ei kjøttmengde på 10 000 kg.
- Av dei som har svart at det er moderat sannsynleg eller svært sannsynleg at dei vil levere til Gudbrandsdal Slakteri er det totalt 35 produsentar (28 har svart svært sannsynleg og 7 har


svart moderat sannsynleg). Dette utgjør ei kjøttmengde på totalt 224 000 kg (svært s.: 202 100 kg og moderat s.: 21 900 kg).

Her er ei visuell framstilling av svarea:


Har du skifta slakteriorganisasjon etter nedlegginga av slakteriet på Otta?




Kor leverer du i dag?




Kor stor sannsynlegheit er det at du som produsent kjem til å levere slakt til Gudbrandsdal Slakteri AS?



Kva for produksjon har du i dag?



-



På slutten av undersøkinga var det mogleg å skrive ein kommentar. Alle kommentarane er lista opp under (uredigert):

- Leveranse til Gdal Slakteri er avhengig av at det i hovudsak er lokalt eigarskap, at dei store aktørane ikkje dominerer på eigarsida. Det er også avhengig av at slakteriet er gode på nedskjæring av kjøtt til småskalprodusentar.

- Er nok for nytt slakteri, men med min leveranse, vert det levert til det slakteriet eg får mest får dyret.
- Vi treng eit slakteri i gudbrandsdalen. Arbeidsplasser.
- Ønsker å støtte Gudbrandsdal Slakteri for å skape arbeidsplasser og utvikling i dalen. Mulighetene ligger foran oss med utvikling av felles produkter/varemerker ved Gudbrandsdal Slakteri. Skaper vi et godt omdømme for gårdene i dalen og for slakteriet med hensyn til dyrevelferd/utnytting av utmarksbeite osv. tror jeg etterspørselen for maten/produktene som er produsert av lokale bønder kan være svært høy, samtidig som slakteriet kan påvirke omdømme for hele Gudbrandsdalen, og gjøre dalen mer "attraktiv", ikke bare for turister - men også for folk som kanskje vil flytte hit. Selvfølgelig er det litt kipt at slakteriet ikke blir samvirke. Men!! Dersom man undersøker både Tine og Nortura, så utvikler de seg lengre fra samvirkemodellen jo lengere tid som går. Målet har blitt til at man skal øke avkastning i forhold til å ta vare på bøndene i samvirket og lytte til dem. Nortura er eksempel på det.. Jeg mener at det er bedre at bøndene i Gudbrandsdalen går sammen og skaper noe "felles" som de føler seg knytt til - som et felles slakteriet, i forhold til å holde frem med slik utviklinga har blitt: bøndene starter opp eget salg på gårdene sine av selvproduserte produkter og kaprer sine egne kunder. Det går fint så lenge disse bøndene er i mindretall og det ikke er kamp om kundene, men dersom denne måten å drive gård og selge produktene sine utvikler seg, vil bøndene i dalen bli store konkurrenter, og til slutt kjempe om kundene for å få solgt sine produkter. Da blir det ikke lett å drive gårdsdrift hverken for stor eller liten.. og en viktig næringsressurs for dalen kan falle bort, og som videre vil påvirke andre bedrifter. Det blir vanskelig å starte samvirke på grunn av kostnadene ved bygging av nytt industribygg. Man er derfor avhengig av investorer som kommer utenifra. Slik er det bare... dersom man vil realisere et så dyrt prosjekt. Det positive med disse investorene er at disse ikke ha villet investere i noe de ikke har troen på. Med andre ord vil de gjøre alt for at bedriften skal bli et lønnsomt prosjekt. Bøndene som ikke kjøper seg inn i slakteriet vil jo få sine avregninger for slaktet de leverer på lik linje som at de leverer til f.eks. Nortura.
- Ser for meg levere alt av slakt og livdyr gjennom Gudbrandsdal Slakteri. Det er synd at eit område med så aktive produsenter av slaktedyr må sende all råvare ut av distriktet for foredling. Dette er arbeidsplasser vi sårt treng i distriktet. Forhåpentlegvis kan oss au få nytt liv i Høgfjellslam.
- Håpar inderleg at Lom kommune støttar Gudbrandsdal Slakteri. Tiltaket er særst positivt med tanke på nye arbeidsplassar i regionen og ikkje minst med tanke på transport av dyr.
- Er svært positiv til etablering av Gudbrandsdal Slakteri på Otta
- Viktig med slakteri og arbeidsplasser. Stor ringvirkning for nordalen. Mat er makt- behald noko av verdiskapinga i distrikta.
- Enda eit privat slakteri vil vere med og svekke nortura, og merkevara vår (Gilde) som allerede slit med hylleplass pga emv varer. Ikkje støtt dette luftslottet, mange av oss er i ferd med å grave vår egen grav ved å gå fra nortura. Å hugs at rogalendingane kjøm ikkje hit for å støtte Nord-Gudbrandsdal, dei er kun ute etter god inntjening som alle andre som driver butikk. Ein anna ting som er verdt og merke seg er, hadde alle vore lojale tidligare så hadde ikkje nortura kome i den situasjon dei kom med otta. Derfor synes jeg det er merkelig at gs påstår dei har tilgang på 7000 t kjøt. Det er ca 22000 slakt, altså 4000 dyr meir enn det som vanlegvis var slakta på otta.
- Eg trur at vi i små utkantdistrikt er sikrest på å få levert våre produkter ved å støtte opp om landbruks-samvirket (Nortura). Men vi har ein jobb å gjera i forb med å få valgt inn folk med «hugde i rætte ænda» dette gjeld ikkje minst i toppen.....??
- Samvirke er viktig. Uansett utfall har Lom kommune viktigare ting å bruke pengar på enn eit slakteri. Finn på noko som skapar arbeidsplassar i Lom for pengane
- Er veldig godt nøgd med Nordfjord som mottakar og kjem derfor ikkje til å levere til det "nye slakteriet." Virker som eit veldig usikkert prosjekt som det i mine augo ikkje er grunnlag for å

ha i dalen. Pr.i dag så er slakterikapasiteten god nok slik den er. Heile dette prosjektet ber preg av å vera ei "panikkjerning" i skuffelsen av nedleggingen av Nortura Otta. Tvilar og på motiva til fleire av styremedlemmane i GS! Håpar ikkje Lom kommune støtter dette!!

- Godt tilfreds med nordfjord kjøtt
- Vanskeleg å skilje seg frå Samvirket i landbruket.
- Kan kjø forstå at Lom kommune har økonomi te å vera m å byggje up eit privat slakteri. Går Samvirke dukken har oss likevel ikkje någå å stille upp m.
- Mener at kommunen bør ha et større fokus på helse og omsorg, skole og ellers utvikling i landbruket da vi står over for store endringer nå. Næringsbygg på sel bør kunne gjennomføres uten støtte fra Lom kommune. At Lom kommune støtter et "privat" slakteri er ikke vi tjente med i fremtiden da dette vil bli en konkurrerende bedrift mot Nortura som er vårt samvirke og markedsregulator. Rakner samvirke er det de små produsentene og utkantene som får lide, og prisene på våre råvarer vil stupe. Så nei, jeg støtter ikke at Lom kommune går inn med kapital.
- Slaktekapasiteten i norge er for stor så å bygge nytt slakteri er der vi som produsentar som tapar på. Det blir ikkje fleire kg slakt av fleire slakteri!
- Usikker. Å melde seg ut av Nortura er vanskelegare enn gardbrukarane og dei fleste andre forstår. Eit viktig poeng her er at det er Staten som styrer heile næringa og alt det økonomiske både i slakterinæringa og til alle gardbrukarar. Næringa står i ein monopolsituasjon som sannsynlegvis er sterkare enn Vinmonopolet.
- Ved etablering av nytt slakteriforetak er det viktig å ha på pass ei god line for livdyromsetning i tillegg til drifta av slakteridrift. For husdyrbruket er livdyromsetning med kjøp og salg også ein viktig del. Utanom dette må det vera ei god nødslaktordning ved etablering av nytt slakterianlegg i regionen.
- Er i utgangspunktet mest interessert i å støtte opp om samvirke.

Åshild Myhre Amundsen
Næringsjef